



## Valle Idrottslag

[www.valle-il.no](http://www.valle-il.no) | [post@valle-il.no](mailto:post@valle-il.no)

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

### Desse møtte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Gunnar Brottveit

Bjørgulv S. Lund

Vilde Homme

Lise Fosså

### Referat frå styremøte 12.06.2017

#### 16/17 Referatsaker

- Klubbhus – status  
Status er uendra. Venter endå på vedtaket på spillemidlane. Uppstad Transport og Anlegg AS er konkurs, og ein må finne erstattar for grunnarbeid.
- Grasrotandelen – status  
Bjørgulv fylgjer opp dette.
- Color Line Setesdal tour – rapport på gjennomføringa :-)  
Gunnar Brottveit orienterte. Arrangementet gjekk veldig bra. Matstasjonen på Honneveje fekk positiv tilbakemelding frå rittleiaren. Været var topp, og dei var mange nok på stasjonen.
- Klatring – status  
Valle IL er positive til ny klatrevegg. Åse Solbakk har etablert ein klatreklubb. Me ventar til over sommaren på å sjå kva klatreklubben eller kva planar Arne Holtskog har.
- Trenarmøte og sesongavslutning  
Det vart halde trenarmøte, det vart gjeve gåvekort og Anne Liv haldt ein presentasjon med bilete av året som har gått. Klubben ynskjer å prioritere eit obligatorisk førstehjelpskurs til hausen, bli betre på politiattest, trenarkurs og barneidrettskurs.  
Det var positivt med trenarmøte, ein håper på å gjenta suksessen.

#### 17/17 Sprekleiken 2017

- Samarbeid med Setesdal folkehøgskule.
- 21. oktober 2017
- Ansvar og arbeidsgruppe

Valle IL er positive til samarbeid, dette samarbeidet må inkludere dugnadsarbeidet i forbindelse med arrangementet. Ein må vere tydelegare på at dei som trener i møykjerommet skal vere delaktig i forbindelse med arrangementet. Cecilie og Bjørgulv tek ansvar for dette.

#### **18/17 Ungdomsløftet**

- Kva gjer vi med dette? Eg skal gi litt meir informasjon i møtet.

Anne Liv utsetter saka til seinare.

#### **19/17 Retningslinjer for refusjon av betalt startkontingent**

- Sjå vedlagte utkast til retningslinjer og skjema.
- Gjeld individuelle idrettar.
- Meint som nedskriving av dagens praksis, slik at den blir meir oversiktleg og klar for alle.
- Må diskutere beløpa og omfanget.

Anne Liv orienterte. Retningslinjene gjeld berre individuelle idrettar. Tanken er å kunne dekke fullt ut til utøvarar fram til dei er 23 år, over 23 år inntil 500 per arrangement evt. 2000 pr år. Lise legg ut skjema på Valle IL si heimeside.

Retningslinjene vart samrøystes vedteke.

#### **20/17 Eventuelt**

- Økonomi

Gunnar Brottveit orienterte. Klubben ligg bra an i forhold til budsjettet.

- Sesilåmi

Årets overskot er 75 000 kroner til klubben. Det har vore færre deltakarar, men likevel eit godt overskot. Årsak er god økonomistyring. Alle postar er godt rekna på.

Rennleiar har trekt seg, men denne leiaren må vere på Sirdalsida. Roy som har vore styreleiar vil også gi seg. Han kan ta seg av økonomien, men det må inn ein styreleiar. Sigbjørg har eit år igjen som medlem i hovudkomiteen. Me må tenkje på kven som kan inn som leiar.

**-Møtet slutt-**

Lise Fosså - skriver